



ØY  
GARD  
EN

# God sommar frå vekstcommunen i vest

Juni 2022



Gøta | Foto: Stine Solstad



## No kjem miljøgata på Straume

Miljøgata er eit fylkeskommunalt prosjekt som er ein del av ein større sentrumsplan. Dette er eit ledd i at Straume skal utviklast frå kjøpesenter til ein by med sentrumskjerne.



## Velkommen til Spildepollen sykkelpark!

Ved sida av skulen finn du ein moderne sykkelpark. I tillegg til pumptrackbane er det laga til hopplinje for dei som ønskjer å sveva litt ekstra på sykkelen.

## Reisevane- undersøking

Svara på undersøkinga vil hjelpe oss til å finna gode tiltak som reduserer kø og bidreg til betre trafikkflyt.



## Gratis utlån av sports- og friluftsutstyr

BUA i FriHuset på Ågotnes låner ut utstyr til idrett og friluftsliv. Her er utstyr til sommar- og vinteraktivitetar for barn, ungdom og vaksne.





## God sommar!

Etter at pandemien har slokke taket, har vi kome tilbake til normalen. Aktiviteten er stor, og vi opplever at det er optimisme og stor framtidstru blant innbyggjarane i Øygarden.

2022 er Frivilligåret, og i Øygarden markerer vi dette mellom anna ved å kåra Månadens frivillig gjennom heile året. På denne måten får vi vist det store spekteret i frivillig arbeid og korleis tusenvis frivillige engasjerer seg til beste for innbyggjarane.

Kommunestyret har vedteke å ta imot inntil 250 flyktningar i 2022. Dei aller fleste kjem frå Ukraina, eit land som er ramma av ein brutal krig. Busetjinga er i full gang, og målet er at dei første hundre ukrainarane er busette innan juli. Vi skal gjera det vi kan for at dei opplever det godt å bu i Øygarden.

Det står store oppgåver framfor oss. Vi arbeider med å sikra ein berekraftig kommuneøkonomi som skal sikra gode tenester til innbyggjarane. Store prosjekt som nytt sotrasamband, karbonfangst og ny godshamn er godt i gang. Jo, vi har grunn til å sjå lyst på framtida.

Eg ønskjer dykk alle ein god sommar!

Ordførar Tom Georg Indrevik



## Kontakt aksjonssenteret!

Aksjonssenteret på Øygarden lokalmedisinske senter er døra inn for eldre heimebuande og pårørande som har spørsmål om tilbod og tenester frå kommunen, frivillige og private aktørar. Aksjonssenteret er eit kontaktpunkt for å få hjelpe og støtte. Målet er at innbyggjarar med behov for støtte, skal kunna bu trygt og trivast lengre heime.



Ring tlf. 55 09 70 00 mellom kl. 08.00 og 15.00. Då vil du møta Merethe Boge (bilete). Ho ser fram til å møta øygardsfolket på telefon og vera det kontaktpunktet som aksjonssenteret skal vera.

- Det vert koordinering av etterspurde tenester som vert leverte frå private, frivillige og offentlege aktørar. Vi får eit proaktivt informasjons- og aksjonssenter. Dette skal vera ei kjelde til innovasjon og kontinuerleg utvikling av tenestene, seier einingsleiar for Øygarden lokalmedisinske senter, Tonje Tangen Alvsvåg.



Tetiana Bykova, Liudmyla Bykova og Mark Lysenko var dei første ukrainske flyktningane som vart busette i Øygarden.  
Dei har husvære på Foldnes.

## Busetjinga er godt i gang

Øygarden kommune har takka ja til oppmodinga frå Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi) om å busetja 140 flyktningar frå Ukraina. Dei første ukrainarane tok i bruk bustaden sin tidleg i juni.

- Vi reknar med å ha busett hundre flyktningar frå Ukraina i løpet av juli. Vi har etablert eit godt samarbeid med Øygarden bustadutvikling KF som leiger bustader og tek synfaringar i forkant, seier prosjektleiar for flyktningmottak, Monica Pedersen.

Kommunestyret vedtok i mars at kommunen kan busetja inntil 250 flyktningar i 2022. Dette inkluderer både flyktningar frå Ukraina og andre land. Prosjekt Ukraina har tilsett to personar som kan russisk og ukrainsk og som vil få ei sentral rolle i busetjingsarbeidet.

- Ei arbeidsgruppe arbeider med kartlegging av dei som vert busette. Det er mange flotte og spennande fagpersonar og akademikarar av ulik valør som no vert busette i kommunen. Det handlar om legar, sjukepleiarar, økonomar, kokkar, ingeniørar innan bygg og konstruksjon for å nemna nokre av dei ressursane vi no får i kommunen vår, seier Pedersen.

Talet på ukrainske barn i barnehage og skule svingar frå dag til dag ettersom kommunen både tek imot og sender vidare familiar til andre kommunar som har fått vedtak om busetjing. Tidleg i juni var det om lag 30 elevar på barne- og ungdomstrinnet fordelt på skulane Knappskog skule, Toftøy skule og Tranevågen ungdomsskule.

12 barn i Terna barnehage har brukt tilbodet på deltid eller fulltid. Totalt var det tidleg i juni registrert 16 barn frå Ukraina som har hatt tilknyting til barnehagen.

## Behov for husvære og møblar

For å sikra raskast mogleg busetjing av ukrainarar, er det no mest behov for å leiga møblerte husvære med plass til to til fire personar.

Vi tek også mot gode møblar som du vil eller kan donera bort som sofa, bord, stolar, Barneseng, kommodar, gode og fine senger og lampar.

Vi har lokale på Tellnes skule, der møblar og andre ting kan leverast og lagrast. Kontakt Øygarden bustadutvikling på tlf. 91 00 46 43 eller send e-post til [obu.kf@oygarden.kommune.no](mailto:obu.kf@oygarden.kommune.no). Er det umogeleg for deg å levera, ordnar vi henting.



## Meld deg på norskkurs!

Øygarden vaksenopplæring (Straume) tilbyr norskkurs på dagtid i ulike nivå (A1, A2, B1 og B2) i perioden 18. august – 20. desember 2022.

Dersom du ønskjer kveldskurs eller digital opplæring på deltid, meld interesse til [renate.lie@oygarden.kommune.no](mailto:renate.lie@oygarden.kommune.no) før 1. august.

Vi tilbyr også grunnskule for vaksne med opplæring i fem fag, grunnleggjande ferdigheter og spesialundervisning.

Ta kontakt med rektor for registrering og rettleiing: [nina.pettersen@oygarden.kommune.no](mailto:nina.pettersen@oygarden.kommune.no). På nettsida til Øygarden kommune finn du meir informasjon, søknadsskjema og pris for kurs.



## Språkkafé

Velkomen til språkkafé. Dette er ein sosial møteplass for innvandrarar som ønskjer å praktisera norsk munnleg.

### Dato | Tid | Stad

Tysdagar kl. 13.30-14.30 på biblioteket på Sartor Storsenter

Tilbodet er gratis og ope for alle. Vi serverer eit lite varmt måltid, kaffi og te.



Skisse (Dronninga Landskap AS)

## No kjem miljøgata på Straume

For tida er Sartorvegen stengt mellom bensinstasjonen på Straume og rundkøyringa Sartorvegen/Arefjordvegen. Miljøgata er eit fylkeskommunalt prosjekt som er ein del av ein større sentrumsplan. Dette er eit ledd i at Straume skal utviklast frå kjøpesenter til ein by med sentrumskjerne. Kvaliteten på gater, parkar og plassar skal gje identitet og karakter til den nye byen. Når arbeidet med miljøgata i Sartorvegen er sluttført, kan utbygginga av Grønamyrvegen starta opp.



## Gratis utlån av sports- og friluftsutstyr

BUA i FriHuset på Ågotnes låner ut utstyr til idrett og friluftsliv. Vi har utstyr til sommar- og vinteraktivitetar for barn, ungdom og vaksne. Utlån av utstyr er gratis, og du kan låna utstyret i inntil sju dagar. Vér merksam på at det er førstemann til mølla som gjeld.

### Utstyr du kan låna:

- **Sykla og rulla:** Sykkelenesete, rulleski, rulleskistavar, multisportshjelm, rulleskøyter, longboard, skateboard m.m.
- **Friluftsliv:** Telt, lavo, tarp, hengekøye, sovepose, liggjeunderlag, ryggsekk, servicesett, førstehjelpsutstyr, bæremeis, stormkjøken, termos, fiskekjiv, sluksett, fiskeveske, fiskestang, håv, våtdrakt m.m.
- **Leik og hobby:** Kubbespel, Ogo, hoppetau, boccia, frisbee, volleyballsett, badmintonsett m.m.

### Opningstid

BUA Ågotnes har ikkje faste opningstider no, men det kjem. Du kan senda e-post til [bua@oygarden.kommune.no](mailto:bua@oygarden.kommune.no) for reservasjon. Det vil vera mogleg å låna og levera utstyr etter avtale per e-post.

På nettsida til Øygarden kommune og BUA finn du meir informasjon.



Foto: Kjersti Nordøy

## Northern Lights-anlegget tek form

For halvanna år sidan gjekk den fyrste salva av for bygginga av anlegget for transport og lagring av CO<sub>2</sub>. Sidan den gong har det skjedd mykje hjå Northern Lights i Energiparken. No kan ein sjå konturane av eit ferdig anlegg.

Kaien står klar til at det kan monterast lastearmar og anna utstyr. Fundamenta til tankar og røyr er snart ferdige, og vegar er asfalterte. No pågår boring av hol til røyret som skal frakta CO<sub>2</sub> ut til permanent lagring under havbotnen i Nordsjøen. I havet er brønnramme installert, og oppgradering på Oseberg-plattformen pågår. Det flotte visningssenteret er i rute og skal stå klart til hausten.



## Kurs i regi av Rask psykisk helsehjelp

Rask psykisk helsehjelp vert hovudsakleg gjeve i form av kurs, eller kurs i kombinasjon med inn til fem timer individuell oppfølging.

### Oversikt over kurs:

- Frisk pust
- Meistring av depresjon, stress og belasting (DSB)
- Aksept for det som er
- Søvnkurs
- Intensiv traumebehandling
- Drop-in panikk
- Tør meir (intensivkurs)

På nettsida til kommunen finn du meir informasjon om dei ulike kursa, søknadsskjema og oversikt over datoar.



Frivilligåret

2022

## Nominer frivillig for juni og juli!

I 2022 skal heile Noreg feira Frivilligåret. Øygarden kommune markerer dette ved å gje ein frivilligpris kvar månad. Fristen for å nominera for juni og juli (grunna ferie) er 23. juni.

Øygarden kommune vil løfta fram ein frivillig i månaden gjennom heile året. Har du eller laget ditt nokon som fortener tittelen Månadens frivillig og litt ekstra merksemd, gå inn på nettsida til Øygarden kommune og nominer dine kandidatar til Månadens frivillig.

Alle dei 12 som får tildelt pris i løpet av året, vert nominerte til Årets frivillig 2022 i Øygarden.  
[oygarden.kommune.no/frivillig](http://oygarden.kommune.no/frivillig)

Foto: MOT-jentene Linnea og Marte





## Vi vil gjerne vita korleis du reiser

Øygarden kommune har saman med gode samarbeidspartnarar den siste tida arbeidd med korleis ein kan sikra god trafikkflyt til og frå Øygarden og i kommunen vår. Difor vert det i juni gjennomført ei reisevaneundersøking.

Målet med undersøkinga er å få svar på reisevanar og reisemønster hjå innbyggjarane i kommunen.

- Svara på undersøkinga vil hjelpe oss til å finna gode tiltak som reduserer kø og bidreg til betre trafikkflyt. Desto fleire som deltek i undersøkinga, desto betre grunnlag får vi for å gjennomføra gode tiltak til beste for innbyggjarane, seier ordførar Tom Georg Indrevik.

Ordføraren har tidlegare i vår teke til orde for fleire tiltak for å få betre trafikkflyt. Aktuelle tiltak er gratis kollektivtransport, minibussystem og haldningskampanje.

Spørjeundersøkinga starta opp fredag 10. juni og varer til og med 24. juni. Undersøkinga er elektronisk og anonym. Du kan utan innlogging delta i undersøkinga. Det vil ta om lag fem minutt å svara på spørsmåla.

Informasjon og tilgang til undersøkinga finn du på nettsida til Øygarden kommune og nettannonse i Vestnytt. Det vert også sendt ut SMS til innbyggjarar over 16 år med invitasjon til å delta i undersøkinga.


Resultat av undersøkinga finn du på nettsida til Øygarden kommune.

## Digital tinging av møte

Innbyggjarar kan no bestilla telefontid, Teams-møte (digitalt møte) og fysiske møte med oppmåling. Bestillingstenesta er tilgjengeleg på nettsida til kommunen. Der kan du velja dato og klokkeslett.

Førebelser er det mogleg å ha fysiske møte på innbyggartorget i Skogsskiftet. Til hausten vil det også vera mogleg å bestilla fysiske møte på innbyggartorga på Straume og Rong. Tenesta er gratis og møtetida er 20 minutt. Oppmåling svarar blant anna på spørsmål om oppmålingsforretningar, eigedomsgrenser og grensejusteringar. Ein kan også nytta vanleg vakttelefon som tidlegare.

Byggesak har også opna opp for elektronisk tinging av møte, førebels berre over telefon og nett.



## Bygdebøker frå Fjell og Sund

Til sals hjå bokhandlarar  
og innbyggjartorga!



## Kva skjer på innbyggartorga og biblioteka?



### Nye lokale på Sartor Storsenter

Innbyggartorget og biblioteket på Straume skal flytta inn i nye, fine lokale midt i Sartor Storsenter. Det skjer etter sommaren, og for å få alt på plass, vert innbyggartorget og biblioteket stengt frå 1. til 21. august. Innbyggartorga og biblioteka i Skogsskiftet og på Rong er opne som vanleg, og de som er vande med å bruka Straume er hjarteleg velkomne.

### Meirope bibliotek Skogsskiftet og Rong

Visste du at du kan låsa deg inn på biblioteka på Rong og i Skogsskiftet utanom opningstida? Du treng eit lånekort og ein pinkode. Registrer deg som meiropebrukar på nett. Logg inn på [oybib.no](#), gå til Min profil, og følg instruksjonane der. Med avtale om meirope bibliotek har du tilgang til biblioteka på Rong og i Skogsskiftet kl. 08.00 – 22.00 sju dagar i veka. Du brukar utlånsautomaten for å levera og låna bøker og anna materiale. Aldersgrense for tilgang til meirope bibliotek i Øygarden er 18 år. På Straume blir det meirope i dei nye lokalene.

### Nysgjerrig på kva som skjer på innbyggartorga og biblioteka?

Sjekk ut arrangementkalenderen på [oybib.no](#) eller på [Facebook](#).



### Gratis datakurs for seniorar

Grunnkurs for personar med ingen eller liten datakunnskap. Du lærer å bruka nyttige digitale offentlege tenester, videomøte, og bestilla heimlevering av mat og andre varer.

Kurset er gratis og vert halde på dei tre biblioteka/innbyggartorga i kommunen. På nettsida til [oybib.no](#) finn du meir informasjon om kurset, dato, tid, stad og påmelding.



### Bookbites

Hugs at vi tilbyr e-bøker og lydbøker i appen Bookbites. Last ned frå App Store eller Google Play.



### Sommarles

Fra 1. juni kan alle 1.-7. klassingar i Øygarden kommune vera med på Noregs kjekkaste lesekampanje, saman med barn frå heile Noreg. På [sommarles.no](#) registrerer du bøker du har lese og får lesetips frå andre. Der kan du òg lesa den spennande sommarles-historia, og vera med på konkurransar. Premiar kan hentast på Straume, Rong eller Skogsskiftet i biblioteka sine bemanna opningstider.



Illustrasjonsfoto: Sotra Link

## Startar arbeidet med Sotrasambandet 1. kvartal 2023

Til hausten skal det lysast ut ein konkurranse om restaurering av Fjell kyrkje. I økonomiplanen er det sett av 39 millionar kroner til dette. Arbeidet tek til kort tid etter at entreprenøren har fått tildelt arbeidet. Prosjektleiar Arne-Magne Fjell opplyser at med ei byggjetid på 1,5 til to år, kan restaureringa vera fullført i løpet av 2024 då Fjell kyrkje skal feira 150-årsjubileum.

Ein rapport i 2021 viste at det er fare for nedfall av takstein (skifer) og deformasjon av laftekasse og oppleggjarar. Takkonstruksjonen er tilsynelatande underdimensjonert. Som eit strakstiltak er det gjennomført sikring langs taket for å unngå at takstein skal falla ned.

Byggetekniske rådgjevarar arbeider med å kartleggja, analysera dei byggetekniske skadane og kva tiltak som må gjennomførast. Både Riksantikvaren, bispedømekontoret og kulturminneforvaltaren i kommunen er involverte i dette arbeidet. Så langt det let seg gjera, vil kyrkja kunna brukast samstundes som det vert gjennomført restaureringsarbeid.

«Sotra Link er i full gang med Sotrasambandet og har etablert hovudkontor i Knarrvika. Fram til nyttår vil hovedaktiviteten vera prosjektering, det vil seia planlegging, berekningar og detaljteikning av det som skal byggjast. Ingeniørselskapa Multiconsult, Norconsult og PINI er dei største bidragsytarane i dette arbeidet.

Forventa byggjestart er 1. kvartal 2023. Sotra Link har nå over 200 personar som arbeider i prosjektet. Opning av ny 4-feltsvei skjer 1. juni 2027. Følg bygginga av Sotrasambandet på [LinkedIn](#) ([Sotra Link](#)) eller [sotralink.no](#)»



FRISKLIV meistring



Friskliv og meistring tilbyr fleire kurs- og treningsstilbod til deg som ønskjer å endra vanar, betra helsa, ha ein betre kvardag med sjukdom eller helseutfordringar, eller som ønskjer å slutta å røykja eller snusa.

Kurstilbod: Bra mat, Leva godt med KOLS, meistringskurs: Livet i bevegelse, Livsstilkurs, Tobakksfri og familiekurs: Vanar for livet.

Treningsstilbod: Spinning og styrketrening i sal, Gågruppe, Styrke intro, Livsstil kondisjon, Livsstil styrke og Yogakurs.

Sosiale medium: Følg Friskliv og meistring på Facebook og Instagram for inspirasjon og idear for gode kvardagar.

På nettsida til kommunen finn du meir informasjon om kursa/treningsstilboda, kurskalender, pris, påmelding/frisklivsresept m.m.



## Dette er eldrerådet

Eldrerådet er eit lovfesta og folkevalt organ som har som oppgåve å gje råd til kommunale styringsorgan i saker som er av særskilt interesse for eldre. Og som alle veit, for tida aukar talet på eldre raskt. I dag har vi ein million pensjonistar i landet, om lag sju tusen av desse bur i Øygarden kommune.

Det skjer viktige endringar i eldreomsorga for tida. Den viktigaste omstillinga skuldast at fleire eldre med hjelpebehov skal få tenestene i eigen heim. Eldrerådet har ei viktig oppgåve i å følgja utviklinga.

No er det heldigvis slik at det store fleirtal av dei sju tusen lokale pensjonistane greier seg heilt fint. Og det er viktig at vi har førebyggande tilbod til flest mogleg slik at dei kan halde fram med å ha det fint. Her er dei frivillige organisasjonane sentrale. Men like sikkert veit vi at mange har det tungt og vanskeleg. Eldrerådet er særskilt oppteke av dei som fell utanfor. Det gjeld dei som er ramma av alvorlege sjukdommar så vel som dei som slit med tungt omsorgsansvar i heimen.

Øygarden eldreråd ønskjer betre kontakt med folk som har noko å fortelja om saker vi bør ta opp, om tilhøve som fortener merksemd, ros - eller klanderverdige. Rådet kan ikkje handsama enkeltsaker, men vi kan ta opp spørsmål frå enkeltsaker på meir generell basis. Som til dømes, er tilboda om avlastning i heimane tilfredsstillande?

For tida (2020-2023) er Øygarden eldreråd samansett slik:  
John Kjell Fjeld, Vigdis James, Johnny Eide, Berit Anita Knudtsen  
Larsen, Turid Kahrs, Svein Olav Drageland, Arne Herdlevær, Marit Karin Schmidt Lie (nestleiar), Sverre Bungum (leiar)

Tekst: Sverre Bungum, leiar

## Leva heile livet

Dette er ei kvalitetsreform som skal bidra til at eldre kan meistra livet lengre og ha tryggleik for at dei får god hjelp når behovet melder seg. Hovudfokus i reforma er å skapa eit meir aldersvenleg Noreg og finna nye og innovative løysingar på kvalitative utfordringar knytt til aktivitet og fellesskap, mat og måltid, helsehjelp, samanheng og overgangar i tenestene.

Målgruppa for reforma er alle eldre over 65 år, både dei som bur heime og dei som bur på institusjon. Øygarden kommune arbeider med 43 ulike tiltak innanfor ramma av Leva heile livet. Arbeidet er prosjektorganisert fram til 2024.



Padling ved Syltøyna | Foto: Heidi Reisegg Endal

## Kystpasset

Bli kjend med den flotte naturen i Øygarden kommune. [Kystpasset](#) gjev deg turar frå Hellesøy i nord til Lerøy heilt sør i kommunen.

Du kan henta Kystpasset i daglegvarebutikkar, på bensinstasjonar og innbyggartorga og biblioteka i kommunen.

Du kan også lasta ned Kystpasset og sjekka deg inn på turmåla via UT appen. God tur!

### Nett-TV:

Møta i formannskapet, kommunestyret, dei tre utvala og kontrollutvalet vert strøyma og lagt ut på kommune-TV på nettsida til kommunen.



## Fortel om det som skjer i Øygarden!

Ønskjer laget/organisasjonen din å invitera til eit ope arrangement? Då kan du leggja informasjon om dette inn i kalenderen på nettsida til Øygarden kommune.

Fyll ut skjema som du finn på nettsida til kommunen [oygarden.kommune.no/arrangement](http://oygarden.kommune.no/arrangement)



Frå synfaringa i Tussetjødna barnehage. Foto: Ernst Einarsen

## Sjekkar universell utforming på kommunale anlegg

Råd for personar med funksjonsnedsetjing (RFF) har starta på ein rundtur til eigedomane til kommunen for å sjå korleis det står til med universell utforming. Tussetjødna barnehage ved Foldnes kyrkje var første staden som fekk besøk frå rådet.

Leiar av rådet, Ernst Einarsen seier at denne barnehagen er prega av at han er frå 70-talet, sjølv om det har vore ein del oppgraderingar det siste 10-året, slik som utbetring av uteområdet.

- Rådet ser på universell utforming i full breidde. Det vil seja at ein i tillegg til fysisk tilkomst også ser på kva tilhøve ein har med omsyn til lyd, luft og varme. No er vi endeleg i gong med arbeidet som har vore på vent fram til no på grunn av pandemien, seier leiar i rådet, Ernst Einarsen etter besøket i barnehagen i slutten av mai.

I slutten av mai fekk også Hjelteryggen skule besøk av rådet. Rådet held fram med rundturen rett over sommaren. På grunnlag av synfaringane vert det laga eit notat om manglar rådet har funne, kva som bør undersøkjast vidare og kva tiltak som bør prioriterast. Dette vil rådet formidla vidare kommunedirektøren og kommunestyret.



## Velkommen til Spildepollen sykkelpark!

Like ved Spildepollen skule er det bygd ein moderne sykkelpark. I tillegg til pumptrackbane er det laga til hopplinje for dei som ønskjer å sveva litt ekstra på sykkelen. Det er Glesnes ungdoms- og idrettslag som har bygd pumptrackbanen. Lokalt næringsliv har støtta prosjektet. Den 21. mai kunne ordførar Tom Georg Indrevik klippa snora for å markera at Spildepollen sykkelpark var offisielt opna.

- Eit sterkt engasjement har gjort det mogleg å realisera dette på mindre enn to år, sa ordføraren.



## Ungdommens kommunestyre

Ungdommens kommunestyre (UKS) er eitt av tre lovpålagte kommunale medverknadsorgan, og skal vera talerøyret for ungdomane i kommunen overfor politikarane.

Ettersom ungdom under 18 år ikkje har røysterett eller sjølv kan stilla til val, har ungdom avgrensa høve til medverknad i politiske avgjersler. Formålet med ungdommens kommunestyre er altså å sikra at synspunkt frå ungdom vert ivaretakne i kommunale politiske prosesser.

UKS Øygarden har vore sterkt involvert i arbeidet med samfunnssdelen til kommuneplanen. Ungdomspolitikarane har gjeve uttale i ei rekke saker, som til dømes lokalisering av ny skule på vestsida. UKS gjev også uttale til større plansaker og budsjett. Ungdomspolitikarane løyver støtte til tiltak retta mot ungdom. I mai fordelte UKS 90 tusen kroner til seks tiltak.

Ungdommens kommunestyre har 11 medlemer i tillegg til politisk kontakt Torill Selsvold Nyborg. For tida er Emil Øvretveit leiar, medan Ingrid Skjold er nestleiar.




## Det vert tryggare å ferdast i Idrettsvegen

I juni startar arbeidet med kulvert i Idrettsvegen. Dette vil mellom anna bidra til at skuleelevar og dei som skal til og frå idrettsaktivitetar i området slepp å kryssa den sterkt trafikkerte vegen.

- Med midlar frå Miljøloftet skal Øygarden kommune byggja ein kulvert like ved krysset Smålonane/Idrettsvegen. Undergangen sikrar at dei mjuke trafikantane slepp å kryssa Idrettsvegen. I tillegg skal det byggjast ei busslomme med venteskur, seier representant for byggherren, Terje Dolvik i Øygarden kommune.

Prosjektet kostar om lag 10 millionar kroner og skal etter planen vera fullført innan desember 2022.

- Denne kulverten er eit godt trafikksikringstiltak. Ungdom som skal til og frå skulen eller idrettsanlegga er kanskje seint ute, og då er det lett å ta sjansar, seier marknadsansvarleg i Royal Transport, Arne Dyngeland. Transportselskapet passerer området ofte med store køyretøy.



## Sommarferieaktivitetar for barn og unge

I sommarferien vert det ulike aktivitetstilbod for barn og unge i alderen 7 - 18 år. Det er førstemann til mølla prinsippet som gjeld for påmelding. Påmeldinga opna mandag 13. juni.

Informasjon om dei ulike aktivitetane finn du på nettsida til kommunen. [oygarden.kommune.no/ferieaktivitetar](http://oygarden.kommune.no/ferieaktivitetar)





## Opningstider innbyggartorg og bibliotek i sommar

Gjeld fra 20. juni til 21. august

### Sartor Storsenter:

- Måndag 10.00 – 16.00
- Tysdag 10.00 – 16.00
- Onsdag Stengt
- Torsdag 12.00 – 19.00
- Fredag 10.00 – 16.00

### Sund Senter og Rong Senter:

- Måndag, onsdag, fredag og laurdag: Meirope (ubetjent)\*
- Tysdag 10.00 – 16.00
- Torsdag 12.00 – 19.00
- Fredag 10.00 – 16.00

\*Meirope (ubetjent): Innbyggjarar kan få tilgang til innbyggartorga/biblioteka i opningstida til sentera gjennom å inngå eigen avtale.

**Sentralbordet (tlf. 56 16 00 00)  
er ope frå kl. 09.00 til 15.00  
måndag til fredag.**

Informasjon på denne brosjyren kan verta endra.  
Du finn oppdatert informasjon  
på nettsida til kommunen.



**Copyright - Øygarden kommune  
juni 2022**

**Trykk:** Bodoni | **Opplag:** 14.900

**Tekst/redigering:** Vigleik Brekke

**Grafisk utforming:** Monica Hovland